



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 4-14

Internavis for Luster kommune

Julehelsing

Gode medarbeidar.

Det er tid for å takka for god innsats i 2014 og ynskje deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.

Etter at me var ferdige med å feira 50-årsjubileet i 2013 har og det 51.-ende året for Luster kommune vore eit bra år. Små og store hendingar har avløyst kvarandre både kommunalt og elles i kommunen. Eit sær preg er at året vil gå inn i historia som eit år med masse godt, mildt og varmt ver. På mange måtar positivt og bra, sjølv om kommuneøkonomien hadde sett pris på kulde og høgare straumprisar og besøket i Lustrabadet hadde truleg vore høgare med dårlig ver!

Naturkreftene har og sett sine spor i 2014 med ei tragisk ulykke ved Nigardsbreen med to omkomne. Flaumen sist i oktober var og heftig, men heldigvis berre mindre skadar i vår kommune. Det kunne gått verre, og reguleringane av vassdraga våre var truleg redninga for å hindre store skadar både i Jostedalen og Fortun.

Økonomien i kommunen er god, men det strammar seg til. Drifta og tenestene vert haldne oppe med gode resultat. Mange tilsette gjer ein flott jobb for å sikra dette. Brukarundersøkingar og kvalitetsrapportar dokumenterer at det skjer mykje godt arbeid i kommunen. Det er ikkje kommuneleiinga som skal ha æra for dette, men deg som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar. Det er positivt å sjå at mange utviklings- og utbyggingstiltak der kommunen er aktiv aktør vert realiserte. Me greier å oppretthalde eller svakt auke folketallet og det vert på mange område arbeidd aktivt for å nå målsetjingar i kommuneplanen om; me skal ha ein god kommune å bu i, ein god kommune å besøke og ein god kommune å drive bedrift i.

Eg meiner me lukkast bra i dette arbeidet samtidig som det er mykje å ta tak i både av små og store oppgåver i tida som kjem. Me skal vere utålmodige etter å bli betre. Om me likar det eller ei så vil me møte endringar framover, alt frå den store kommunereforma til små justeringar av arbeidskvardagen. Og ikkje minst i lys av den økonomiske kvardagen er det rådmann si plikt å peika på og vurdere endringar som kan spare ressursar samtidig som me kan halde oppe kvaliteten på tilbod og tenester. Stort eller lite, endring eller ikkje endring, me må få til god informasjonsflyt, medverknad og lagarbeid for eit så godt arbeidsmiljø som mogleg i Luster kommune.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste.



*God Jul og
Godt nyttår!*

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 16.09.2014 - 31.12.2014

Velkomen!

Luster heimeteneste:

Svanaug Hillestad Dvergedal - sjukepleiar/områdevikar
Hilde Kristin Foss – miljøterapeut

Luster sjukeheimsteneste:

Karianne Sanden – sjukepleiar
Aud Johanne Gjermunds – hjelpepleiar
Liudmyla Khaustovych – helsefagarbeidar
Ann Julie Bringe – helsefagarbeidar
Kathleen Tongol – helsefagarbeidar

Teknisk drift:

Eva Wurm – reinhaldar

Takk for innsatsen!

Luster heimeteneste:

Berit Røneid – hjelpepleiar
Anne Britt Fredheim – heimehjelp

Luster sjukeheimsteneste:

Kirsten Kvam – hjelpepleiar
Gerd Barsnes – hjelpepleiar
Anne Britt Gautepllass – kokk

Oppvekst:

Siri Aafedt Gurvin – miljøterapeut Luster ungdomsskule
Kjetil Sønnesyn – rektor Hafslo barne- og ungdomsskule (01.08.14)

Julegåve 2014

Luster kommune gjev i år julegåve til Leger uten grenser.
Etter interne innspel vart følgjande vedteke i arbeidsmiljøutvalet
(AMU) den 2. desember:

I staden for julegåve til alle tilsette vert det i 2014 gjeve ei
julegåve på kr 25.000 frå Luster kommune til
Leger uten grenser.

Vedtaket vart stadfesta av formannskapet
den 10. desember. Luster kommune føl dermed
opp det som var gjort i 2013, da kommunen
gav kr. 25.000 til hjelpearbeidet
på Filippinane. .



Medarbeidarundersøking

Overordna resultat:

Det har no vore gjennomført medarbeidarundersøking der alle tilsette vart bedne om å svare innan 10 desember 2014.

Deltakinga vart på 65 %, som vil seie at 412 tilsette av 635 moglege har svara på undersøkinga.

Dette er omlag som tidlegare medarbeidarundersøkingar (63% i 2012, 61% i 2010 og 65% i 2008).

I tre einingar er det ei deltaking på 100%. Dette syner at det er mogleg å få fleire til å delta, og vi må sjå nærmere på kva desse einingane gjer for å få dette til.

Det overordna resultatet er godt med eit totalt snitt på 4,7 av 6. Det er det same resultatet som i 2012 (4,5 i 2010 og 4,6 i 2008).

Det er under dette særleg positivt at vi scorar godt (5) på dei viktige dimensjonane Innhald i jobben, Samarbeid og trivsel med kollegaer og Mobbing, diskriminering og varsling. Det er også i all hovudsak gode resultat på Fysiske arbeidstilhøve.

I det vidare oppfølgingsarbeidet vil einingsleiarane ta ut rapportar for si eining og sjå nærmere på resultata og kva som ligg bak tala.

Medarbeidarundersøkinga er ei svært viktig «temperaturmåling». Det er samstundes viktig at den vert sett i samanheng med vernerundar og medarbeidarsamtalar. Ikkje minst er medarbeidarsamtalane viktig for å få- og gje individuelle vurderingar. I sum skal dette gje eit godt grunnlag for forbettingsarbeid.


Tabellen under syner det overordna resultat (for heile kommunen) per dimensjon i høve til landssnittet (108 kommunar).

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Organisering av arbeidet	4,6	4,6
Innhald i jobben	5,0	5,0
Fysiske arbeidstilhøve	4,5	4,2
Samarbeid og trivsel med kollegaene	5,0	5,0
Mobbing, diskriminering og varsling	5,0	5,0
Næraste leiar	4,6	4,7
Medarbeidarsamtale	4,8	4,8
Overordna leiing	4,1	4,1
Fagleg og personleg utvikling	4,4	4,4
System for løns- og arbeidstidsordningar	4,3	4,1
Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,9	4,8
Heilsakapsvurdering	4,7	4,6
Snitt totalt	4,7	4,6

KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



2015 - Mange arbeidsoppgåver å ta tak i

I lys av budsjettvedtaket er det mange saker som det skal arbeidast vidare med.

Det må seiast å vera ein ståande ordre å arbeida med å få mest mogleg ut av eksisterande ressursar. På fleire område er det arbeid og utgreiingar der me skal prøva å tilby like gode tenester og tilbod for ein lågare kostnad.

I budsjettet er det og område der me ev skal inn med nye ressursar for å få til ei større satsing.

Me er godt i gang med å planleggje og byggje for å leggje om kjøkendrifta. Sjølv om dette vil bli ei stor endring, med eit sentralt kjøken for å laga middagsmaten, så meinar me det skal vere mogleg å starta opp dette i god tid før sommarferien. I kommunaleininga er me fortsatt trygge på at dette vert ei god og kostnadssparande løysing.

Det er og vedteke å starta ei større utgreiing om pleie og omsorgstilboden. Korleis skal institusjonstilboden sjå ut og korleis skal dei ulike hjelpestilboda i omsorgstrappa, frå hjelp i heimen til langtidsplass i institusjon, dimensjonerast i åra framover. Dei ulike tilboda må tilpassast behova. Det er føresett ei grundig utgreiing med vurdering av fleire alternativ.

Det er og vedteke innsparinger i administrasjonen og då vil det vere aktuelt å sjå nærmere på om me er rett og effektivt organisert. Det skjer mykje i den elektroniske verda som påverkar administrasjon, forvaltning og tenesteproduksjon og her må me følgje med i tida.

Om det ikkje er pålagt innsparinger så kan det likevel vere bra å sjå nærmere på om me brukar ressursane rett og til dei prioriterte gruppene. Eit slikt område som har hatt fokus er bibliotektilboden. Grunna lite bruk av bibliotekfilialane ynskjer me å vri ressursane mot ei satsing på oppvekstbibliotek i skule og barnehage understøtta av hovudbiblioteket.

Slik budsjettsituasjonen er så er det ikkje mange område der det ligg til rette for å bruke meir ressursar enn i dag. Likevel er det forventningar frå staten på at kommunane skal gjere visse satsingar og det vert løyvt noko ekstra ressursar i rammetilskotet. I år skal helsestasjon og rus/psykiatritilboden styrkast og det skal me følgje opp. Vedtaket tilseier at me skal sjå på korleis tilboden er i dag, vurdere nærmere kvar behova er størst og korleis me skal prioritere nokre nye ressursar.

Det er og store forventningar til at kommunane gjer eit betre arbeid for å styrka folkehelsa. Det vert lagt opp til at me skal kunna starta eit breitt arbeid med deltaking frå mange om korleis me kan styrka og utvida aktivitetstilbod både når det gjeld det sosiale og den fysiske aktiviteten.

Utgreiings- og endringsarbeid, som her omtalt, og andre tiltak i budsjettet vil påverka arbeidssituasjonen og arbeidsoppgåver for fleire tilsette.

Ingen treng frykte for at ein ikkje og framover vil ha ein god arbeidsplass i kommunen. Me har bruk for alle. På fleire område, mellom anna innan pleie og omsorg, må me intensivere arbeidet med å rekruttere nye medarbeidarar. Dette sjølv kor flinke me vert i å ta vare på seniorane.

Endringsarbeid er likevel ikkje alltid så greitt. Mi oppmoding er at me møter det med eit ope sinn og konstruktivt ser på ulike alternativ på ny organisering og justeringar av arbeidsoppgåver.

I dette arbeidet skal me leggje vekt på å få til god informasjon, vera opne for medverknad/deltaking og lytta til innspel.

Så vel møtt til konstruktivt utviklingsarbeid i 2015.

Årshjulstiltak 2014



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tenesteplan (frå einingane)
- Tertiarrapport T2
- Introduksjonsseminær
- Budsjett og økonomiplan
- Medarbeidarundersøking

Komande tiltak:

- Årsrapportering

Bygdebok som julegåve?



Om du enno ikkje har alle pakkene i boks, er bygdebøker og anna lokalhistorisk litteratur ei ypparleg julegåve.

Bygdeboka kostar kr 750 pr stk. Kjøper du ein serie på 3 ulike bøker eller meir, er prisen kr 500 for bok nr 3 og oppover. Til no er det utkome 10 band (nr 1 er utseld).

[Sjå bandinndelinga her](#)

Lokalhistorisk årbok kostar kr 190 pr stk. Det er utkome 6 utgåver. Du kan kjøpa alle for kr 900.

I tillegg har me ei rekke andre publikasjonar for sal.

[Her finn du tingingskupong for Lokalhistoriske publikasjonar eller ring servicetorget, tlf 57 68 55 00.](#)

The screenshot shows the Luster kommune website. At the top, there's a navigation bar with links like 'Framsida', 'Kontakt oss', 'Viktige tlf.nr', 'Kunngjeringar', 'Stilling ledig', 'Kart', 'Administrasjon', and a red-bordered link 'For tilsette'. Below the navigation is a banner with the text 'Vett til teksten' and icons for English, German, French, and Norwegian. The main content area has sections for 'Aktivitetskalender', 'Nyhende:', 'Nednummer', and a photo of people in a room.

Informasjon til tilsette på kommunen si heimeside

Du treng ikkje vere på jobb for å få tilgang til informasjon for tilsette.

På heimesida til kommunen, i toppmenyen i himmelen, finn du ei eiga lenke «**For tilsette**».

Her har du tilgang til eposten din, internavisa Nytt under Storen, kommunen sitt kvalitetssystem LKK og du kan registrere kompetansen din her.

Heider - markering av 25 års teneste i Luster kommune



Den 11 desember var det samling på Gaupnetunet hotell med markering av tilsette med 25 års fartstid i Luster kommune.

Heile 47 medarbeidarar hadde nådd den milepælen.

Oppgåveendring ved at kommunane overtok sjukeheimane i 1988-89 var hovudgrunn til det store antalet dette året.

Ordførar og rådmann heidra jubilantane med middag, helsingar og ei gåve, biletet måla av Signe Fortun eller Arvid Elvekrok.

Det var eit fint arrangement med god stemning og god "drøs" dei timane markeringa varte.

Medarbeidarar som har nådd 25 års milepælen i år er:

Bibliotek:

Torill S. Yttri Otterhjell - Førstesekretær

Gaupne barnehage:

Kirsten Snøtun Tuften - Ped.leiar
Sissel Britt Walaker - Assistent

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Oddny Karin Ahlin - Fagarbeider
Helge Harkjerr - Adjunkt

Hafslo barnehage:

Anne Sandøy - Ped.leiar

Helsecenteret:

Berit Melheim Kjos - Konsulent

Indre Hafslo oppvekstsenter:

Ruth Aud Teigen Nyland - Adjunkt

Jostedal oppvekstsenter:

Oddbjørg Ese - Ass. Styrar/rektor

Luster heimeneste:

Berit Kvamme - Hjelpepleiar
Elene Beheim - Hjelpepleiar
Eldbjørg Buskaker - Hjelpepleiar
Sissel Irene Langeteig - Hjelpepleiar

Luster heimeneste, forts:

Jorunn Skjerven - Hjelpepleiar
Liv Torheim Øvrebø - Sjukepleiar
Anne Lise Aasen - Omsorgsarbeidar

Luster sjukeheimsteneste:

Øydis Karin Alme - Hjelpepleiar
Inger Ekrene - Assistent reinhald/buassistent
Signy Listou Feigum - Hjelpepleiar
Sigrun Fortun - Hjelpepleiar
Inger Karin Fossøy - Reinhard/buassistent
Anitha Elin Fossøy - Hjelpepleiar
Kari Synnøve Skjolden Fortun - Hjelpepleiar
Jo Ketil Hamrum - Kjøkensjef
Sissel Laila Hatlevoll - Hjelpepleiar
Sigrun Hauge - Hjelpepleiar
Søvrina Hauge - Hjelpepleiar
Inger Johanne Heltne - Hjelpepleiar
Ruth Berit Heltne - Fagarbeidar
Gunnhild Johnsen - Reinhard/buassistent
Kirsten Kvam - Hjelpepleiar
Eldbjørg Midtun - Sjukepleiar
Marit Johanne Nyhus - Sjukepleiar
Barbro Nyhus - Sjukepleiar
Alice Solvoll Skare - Hjelpepleiar
Jofrid Skildheim - Hjelpepleiar
Astrid Eraker Storli - Hjelpepleiar
Bjørg Reidun Talle - Assistent reinhald/buassistent
Svanhild Bjørk Teigen - Hjelpepleiar
Aud Thomassen - Hjelpepleiar
Bjørg Nundal Stegegjerdet - Hjelpepleiar/Førstesekretær(helsecenteret)

Luster ungdomsskule:

Einar Ese - Adjunkt
Marit Fuhr - Fagarbeider

PPT:

Olfert Øvrebø - Psykolog

Teknisk Drift:

Ole Magne Leirdal - Vaktmeistar
Alfred Andersen - Vaktmeistar
Anders Steinar Molland - Arbeidsformann

Sjukefråvær i Luster kommune

